

## **Forskrift om vern av Skriufjellet naturreservat, Seljord kommune, Telemark fylke**

Fastsett ved kongeleg resolusjon *dato* med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, § 37 og § 62 [og § 77]. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

### **§ 1 Føremål**

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- a. representerer bestemte typar natur i form av kalk- og lågurtfuruskog, lågurtedellauvskog, fosseberg og bekkekløftar.
- b. har særskilt betydning for biologisk mangfold på grunn av styvingstre, gammal skog med mykje daud ved, samt sjeldne og trua artar av karplantar, sopp, mose, lav og insekt.
- c.

Det er eit mål å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

### **§ 2 Geografisk avgrensing**

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Seljord kommune: 8/1, 9/1, 9/2, 9/3,13 og 9/8.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 837 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte vernekart datert Klima- og miljødepartementet *dato*. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

### **§ 3 Vernereglar**

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller deler av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkablar, avløpsleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utslepp av kloakk eller anna form for forureining, eller bruk av kalk, gjødsel eller kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling og deponering av avfall er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Bålbrenning er forbode. Forbode gjeld ikkje bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller medteken ved i samsvar med gjeldande lovverk.

### **§ 4 Generelle unntak frå vernereglane**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald av eksisterande bygning og sti, avmerkt på vedlagte vernekart.
- e. beiting
- f. utsetting av saltstein
- g. oppsetting av midlertidige, mobile jakttårn for storviltjakt
- h. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i siktelinjer ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt

### § 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom på eksisterande stiar.

### § 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsmyndigheita. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøyet skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy

### § 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsmyndigheita kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav d, e og f og § 7 bokstav a og e.
- e. oppsetting og vedlikehald av gjerde
- f. merking og rydding av nye stiar
- g. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 bokstav d

### § 8 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsmyndigheita kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

### § 9 Skjøtsel

Forvaltningsmyndigheita, eller den forvaltningsmyndigheita bestemmer, kan sette i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

### § 10 Forvaltningsplan

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

### § 11 Forvaltningsmyndigheit

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark er forvaltningsmyndigheit etter denne forskrifta.

### § 12 Ikraftsetting

Denne forskrifta trer i kraft straks. [Samtidig blir forskrift *tittel* oppheva].

## Vedlegg

Vernekart Skriufjellet naturreservat: pdf-fil